

i Eksamen i EXPHIL03 våren 2021 – sjølvstudiumsvarianten

Du skal svare på både "Vite og vere" (del én) og "Gjere"(del 2).

Tips og triks:

- Du treng ikkje tenke på å lagre det du skriv. Inspira autolagrar kvart 15. sekund og kvar gong du byter frå ein del av oppgåva til ein annan.
- Du kan velje målform øvst i høgre hjørne.
- Øvst til venstre ser du kor mykje tid det er att på eksamen.
- Du kan auke storleiken på skrivevinduet ved å trykke på ikonet med fire piler over vindaugget. Du set han tilbake ved å trykke på same ikonet ein gong til.

NB: Vær oppmerksom på at pensum er endra frå og med våren 2021:

Berre "Vite, være, gjøre : exphil: lærebok med originaltekster" er pensum på emnet EXPHIL03.

Formelle krav til oppgavesvaret:

Oppgavesvaret du leverer skal vere ditt eige, sjølvstendige arbeid, og eit resultat av eiga læring og arbeidsinnsats. Difor: Ikkje "klipp og lim", bruk hovudsakleg dine eige ord, og ikkje samarbeid med andre kandidatar medan eksamen går føre seg.

Det er viktig at du set deg inn i reglane for sitat- og

kjeldebruk: <https://www.hf.uio.no/studier/ressurser/kilder/index.html>.

På korte digitale heimeeksamenar (2-6 timar) er det ikkje krav om litteraturliste på slutten av oppgavesvaret. Dersom du brukar andre sitt materiale i oppgavesvaret ditt utan å opplyse om dette, kan det bli rekna som fusk eller forsøk på fusk. Fusk kan få alvorlege konsekvensar for deg som student. For meir informasjon sjå <https://www.uio.no/studier/eksamen/kildebruk/>

Generelt:

- Plagiatkontroll: Alle oppgavesvar blir elektronisk kontrollert for plagiat mot tekstar på nett og mot oppgavesvara til andre studentar, både for dette semesteret og tidlegare semester. Tekst som viser seg å vere kopiert frå andre stader kan føre til mistanke om fusk/forsøk på fusk, med mogleg alvorlege konsekvensar for deg som student.
- Prøva har automatisk innlevering når eksamenstida er omme. Om du etter å ha byrja på eksamen likevel ikkje vil levere oppgavesvaret, må du trekkje deg frå eksamen eller slette alt du har gjort i oppgavesvaret. Trykk på ikonet øvst i høgre hjørne for å få opp valget "Eg vil trekkje meg".

Om du har tekniske problem, ring instituttet på 22 84 45 99. Du finner ei nyttig nettside med spørsmål og svar om gjennomføring av eksamen i Inspira her:

<https://www.uio.no/studier/eksamen/innlevering/sporsmal-og-svar-eksamen.html>

Dersom du har faglege spørsmål til oppgåva, kan du kontakte faglærer:

Kari Sletnes, telefon 995 44 539 (ikke SMS)

Øyvind Rabbås, telefon 906 08 437 (ikke SMS)

Lukke til på eksamen!

Vite og Vere (del én)

Du skal svare på enten oppgave 1 eller oppgave 2.

Anten**Oppgave 1** Descartes og sikker kunnskap

Du må svare på både delspørsmål a) og b).

Frå René Descartes' «Første meditasjon» (s. 32): «Allerede for flere år siden ble jeg oppmerksom på hvor meget falskt jeg i min ungdom hadde tatt for sant, og hvor tvilsomt alt må være som jeg bygget på dette grunnlag. Derfor har jeg funnet at jeg en gang i livet måtte omstyrte fullstendig alt som jeg tidligere hadde festet lit til, og begynne på ny fra grunnen av, hvis jeg ville bringe til veie noe fast og varig i videnskapene.»

I sin fyrste og andre meditasjon har Descartes som mål å kome fram til kva som er sikker kunnskap.

a) Kva meiner Descartes vi kan tvile på og kva meiner han er sikkert? Korleis kjem Descartes fram til kva som er sikker kunnskap?

b) Drøft om Descartes sitt vond-ånd-argument medfører at vi ikkje kan ha sikker kunnskap om at ein firkant har fire sider.

Eller**Oppgave 2** Kant og Einstein

Du må svare på både delspørsmål a) og b).

I Kritik av den rene fornuft, argumenterer Immanuel Kant for at matematiske og geometriske domar representerer syntetisk a priori kunnskap. Ifølge Kant inneheld naturvitenskapen prinsipp som er syntetiske domar a priori (f.eks. i Newtons mekanikk), noko som inneber at det skulle finnast ein «rein» (a priori) del av naturvitenskapane.

a) Forklar kvifor Kant argumenterer for at matematiske sannheter er syntetisk a priori. Bruk Kants eksempel « $7+5=12$ » (s. 245-246) i din forklaring.

Albert Einstein avviser Kants oppfatning om syntetisk a priori kunnskap i vitenskapen gjennom å skilje mellom «anvendt geometri» og den «rene, aksiomatiske geometrien» (s. 250).

b) Korleis avviser Einstein Kants oppfatning? Diskuter kva for konsekvensar Einstein sin innvending har for kunnskapen vår om geometri og for vitenskapelig kunnskap, samanlikna med Kant sin oppfatning.

1 Vite og Vere (del én)**Skriv svaret ditt her...**

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |



Words: 0

Maks poeng: 0

Gjere (del 2)

Du skal svare på anten oppgåve 1 eller oppgåve 2.

Enten**Oppgåve 1 Aristoteles**

Du må svare på både delspørsmål a) og b).

Aristoteles seier: «Det som i seg selv er etterstrebellesverdige, sier vi er mer et endelig mål enn det som er etterstrebellesverdige på grunn av noe annet» (1097a30-32) (s. 327).

- a) Gjer greie for desse to måtane noko kan vere «etterstrebellesverdige» på. På kva for ein av desse to måtane meiner Aristoteles lykke er «etterstrebellesverdige»? Kvifor? Kva består den menneskelige lykke i ifølge Aristoteles sitt syn og kva er argumentet hans for det?
- b) Spiller lykke nokon rolle for kva som er ein etisk riktig handling ifølge Aristoteles? Nemn ein normativ teori frå pensum som skiljar seg frå Aristoteles sin teori i denne forstand, og sei kort kvifor.

Eller**Oppgåve 2 Held**

Du må svare på både delspørsmål a) og b).

Virginia Held argumenterer mot kontraktteorien og for eit feministisk alternativ til kontraktteorien. Held skriv: «Jeg skal forsøke å utforske hvordan samfunnet og våre målsetninger for det kunne fremstå, hvis vi i stedet for å tenke om menneskelige relasjoner som kontraktsmessige, tenkte på dem som noe som ligner relasjoner mellom mor og barn.» (s. 514).

- a. Gjer greie for Held sin forståing av kontraktteorien og for korleis ho argumenterer mot kontraktteorien.
- b. Drøft om Held sin oppfatning om at samfunnet skal formast med relasjonen mellom mor og barn som modell er eit rimelig alternativ til kontraktteorien.

2 Gjere (del to)**Skriv svaret ditt her...**

Format ▾ | **B** *I* U x_2 x^2 | I_x |   |    |   | Ω  |  | Σ |



Words: 0

Maks poeng: 0